



Uskedal utvikling seier nei til nedlegging av Uskedal brannstasjon.

**Uskedal utvikling vil på styremøte i morgon ha oppe sak om brannstasjonen i bygda. Det er sendt brev til Kvinnherad kommune som syner til sak i Formannskapet torsdag 6. desember der det er framlegg om å leggja ned fire brannstasjonar. Ein av dei er Uskedalen. Saka vart utsett på møte 14.11 då ein bad om ei økonomisk vurdering og ei meir utføring utgreiing i høve til responstid.**

Brevet frå Uskedal utvikling til Kvinnherad kommune:

Det blir framstilt som om Uskedal Brannstasjon er ein ubetydeleg brannstasjon i forhold til utstyr og mannskap. Rapportar viser at ein dei siste fem åra har hatt i snitt 9 utrykningar i året, dvs. ca. 1 i månaden.

Sakspapira viser og til at arbeidstilsynet har krav til ombygging i Uskedalen. Ut frå kostnader ved Ølve Brannstasjon på 3 millionar forventar ein opprusting med same kostnad i Uskedalen. Dette gjer ein utan å leggja fram kva opprusting som er påkrevd i Uskedalen.

Uskedal Brannstasjon har skulerte folk som gjer ein god jobb for kr 12.000.- i året, noko som viser at ein ikkje gjer jobben for løna sin del, men for at ein vil ta eit ansvar for sikkerheita til innbyggjarane i bygda. Det har ikkje vore problem å rekruttera brannmenn til stasjonen.

Ein brannstasjon i bygda skaper trygghet. Uskedalen er ein tettstad med mange eldreboligar, skule, to barnehagar, fleire byggjefelt, mykje næring og eit industriområde. Vi har og busetnad opp til 9 km frå sentrum av Uskedalen.

Ved nedlegging av stasjonen i Uskedalen vil vi få betrakteleg dårlegare teneste. Vi er sterkt kritiske til at stasjonen i Rosendal og på Husnes kan gje oss den tenesta vi har krav på i forhold til DSB sine føringar.

Styret Uskedal Utvikling  
v. Leiar Gunn Mari Moberg

Foto/nett: Kristian Bringedal